



// REFERAT

// Møtedato: 03.04.2018
// Tilstades: May Hundvin, Jo Tømmerbakk, Ove Sæbø, Wenche Midthun
// Forfall:
// Referent: Wenche Midthun
// Kopi til:

Partnerskapsmøte NAV og Modalen kommune

Møtet fann stad på møterom i første etg i Modalen kommunehus.

Sidan både Ove og Jo er relativt nytilsette, og vi ikkje har hatt felles partnerskapsmøte før, starta vi med litt bakgrunninformasjon om NAV, og kva rolle May og Wenche har der.

Det vart også informert om prosjekt som pågår mellom Gulen og Masfjorden, der det er utgreiing om alternativ organisering av NAV tenestene, med mål om samanslåing av desse 2 kontora etter vertskommunemodellen.

Modalen har til no ikkje vore involvert i dette, på tross av at Wenche er leiar for kontoret på stat også i Modalen. Dette grunna at det ikkje har vore noko avtale tidlegare med kommunal side av NAV. Det er enighet om at rapporten vert sendt til Modalen saman med referatet, slik at det kan vurderast om der skal arbeidast med nærare tilknytning.

Sakliste :

1. Gjensidig informasjonsutveksling.
May har gjennomgått informasjon om endringsprosessane i NAV i Nordhordland, samt regionaliseringa av NAV Sogn og Fjordane og Hordaland.
Ove – har direkte og hyppig kontakt med Lena på NAV Modalen. Etterlyser plan /aktivitet for arbeidet/kommunen/helse og omsorg, slik det er no vert mykje tatt etter kvart som sakene kjem. Ynskjer å vere meir proaktiv.
2. Resultatstatus ved kontoret v/Wenche
Stort sett har det vore jamt resultat. Det har vore litt fråvær ved kontoret grunna sjukdom, men ved langtidsfråvær har det vore leigd inn vikar, og elles har Wenche vore inne og tatt ein del møter. Statleg saksbehandling på sjukefråvær, arbeidsavklaringspengar mm, vert gjort i Masfjorden.
3. Utviklingstrekk og aktiviteter ved kontoret

NAV MASFJORDEN //

Postadresse: Postboks 14 // 5987 HOSTELAND

Besøksadresse: // Hosteland
Tel: 55 55 33 33 // Faks: 53 04 50 91

www.nav.no // nav.masfjorden@nav.no

Det er i Modalen ein del unge under 30 år med psykiske diagnoser, som ikkje har tilstrekkeleg aktivitetstilbod. Kommunen og NAV bør møtes for å prøve å legge til rette for betre oppfølging av desse. Ove og Wenche held kontakten, og ser på dette.

4. Felles kompetanseutvikling

Ved Lena, har kontoret i Modalen god kompetanse. Lena er også tilsett i Masfjorden, og det er lagt stor vekt på felles kompetanseutvikling for alle tilsette etter behov. Det kan skje endringar ved omorganisering i NAV Nordhordland, samt at det ser ut til at Lena vil slutte ila sommar 2018.

5. Tilbakemelding til lokal leiing frå Fylkesdirektør og rådmann.

May :

- ✓ Brigde grunna endringsprosessane .
- ✓ Lena sluttar sannsynlegvis – avklart ila mai ?
- ✓ Primo mai vil det vere avklart om Gulen og Masfjorden inngår vertskommunesamarbeid – ynskjer Modalen å vere med ?
- ✓ Nytt møte angående organisering og partnerskapet 30.05.2018 kl.09.00 i Modalen.

Jo :

- ✓ Virkar som alt OK, men er ny i jobben, og har ikkje full oversikt enno.

Wenche sender med kopi av rapporten Gulen – Masfjorden.

Det vert også lagt ved oversikt over kortid Frank Mellingen kjem til dei ulike kontor for å montere trådløst nettverk mm.

Tusen takk for møtet, og ta kontakt viss det er noko- gjeld alle vegar

Wenche Midthun